

INSTRUKS FOR KONTROLLKOMITEEN I HELSE VEST RHF

(Vedtatt av styret 2005)

1. FORMÅL

Kontrollkomiteen er eit underutval av styret i Helse Vest RHF og har som føremål å styrke styret sitt fokus på kontroll og tilsyn, mellom anna ved å sjå til at Helse Vest har ein uavhengig og effektiv ekstern og intern revisjon.

Kontrollkomiteen skal førebu saker for styret og sjå til at krav som er sett i regelverk, føretaksmøte og årlege bestillingsdokument blir tilfredsstilt.

Kontrollkomiteen skal ha tilsyn med korleis etiske regelverk blir etterlevd og med andre tiltak som kan ha innverknad på omdømme til føretaka.

Komiteen kan i samband med dette foreta undersøkingar på spesielle saksområde innan Helse Vest og rapportere til styret.

2. MYNDE OG ANSVAR

Kontrollkomiteen er ansvarleg for utføringa av sine oppgåver berre overfor styret i Helse Vest RHF. Ansvar til styret og det einskilde styremedlem vert ikkje endra som følgje av kontrollkomiteens arbeid.

Kontrollkomiteen har mynde til å undersøke alle forhold ved helseføretaka. Alle tilsette skal gje dei opplysningane og yta den bistand som kontrollkomiteen måtte be om, med atterhald om avgrensingar i lov og regelverk, m.a. lov om teieplikt.

Kontrollkomiteen kan setja i verk dei undersøkingane den finn nødvendig for å ivareta sine oppgåver. Kontrollkomiteen skal i slike situasjonar normalt nytta internrevisjonen, men kan også innhente eksterne råd og bistand. Kostnaden for arbeidet skal dekkast av Helse Vest RHF.

3. ORGANISERING

Styret fastset instruks for kontrollkomiteen.

Styret velgjer tre eigaroppnemnde medlemmer til kontrollkomiteen frå medlemmene i styret. Medlemmene må tilfredsstille eventuelle krav som er definert i lov, av eigar eller i generelle krav til god verksemdstyring.

Styret velgjer leiar av kontrollkomiteen for eitt år av gangen.

4. OPPGÅVER

4.1 Forhold til ekstern revisor

Kontrollkomiteen skal:

- sjå til at ekstern revisor opptre uavhengig i forhold til leiinga
- vurdere og gje innstilling til styret ved val av ekstern revisor i konsernet og på godtgjeringa
- gjennomgå organiseringa av oppdraget og revisors opplegg for kvalitetssikring
- gjennomgå planar og omfang av revisjonsarbeidet
- vurdere omfang av andre oppdrag for føretaket
- gjennomgå ekstern revisor sine rapportar til styret
- gjennomgå brev frå ekstern revisor til konsernleiinga og vurdere leiinga sine svar

Kontrollkomiteen kan ha møter med eksternrevisor utan at administrasjonen er til stades.

4.2 Forhold til internrevisjonen

Kontrollkomiteen skal:

- sjå til at internrevisjonen opptre uavhengig i forhold til leiinga
- gjennomgå internrevisjonen sine risikoanalysar og årsplan, og gje innstilling til styret om godkjenning av planen
- følgje opp arbeidet til internrevisjonen og fortløpande halda seg orientert om status og risiko på dei områda internrevisjonen arbeider
- gjennomgå internrevisjonsrapportar og vurdere dei tiltaka som er tilrådde
- handsama årleg rapport frå internrevisjonen
- gjennomføra ei årleg vurdering av internrevisjonen

Kontrollkomiteen kan ha møter med internrevisjonssjefen utan at administrasjonen er til stades.

4.3 Forhold til konsern – og føretaksleiinga

Kontrollkomiteen skal minst ein gang i året:

- få ei orientering av konsernleiinga og av leiinga ved helseføretaka om arbeidet med intern kontroll, kvalitet og etikk
- få ei orientering om utfordringar knytt til ressursbruk, styring og kontroll ved utøving av oppgåvene; pasientbehandling, forskning og brukarmedverknad
- få tilbakemelding på og drøfta samarbeidsformer / opplevd i forhold til interne kontrollinstansar

4.4 Forhold til pasientar og pårørande

Kontrollkomiteen skal:

- gjennomgå rapportering som omtalar korleis rettane og interessene til pasientar og pårørande blir ivaretatt
- få presentert pasientomboda (somatikk og psykiatri) sine årlige rapportar
- få rapportert ekstraordinære saker omgåande

4.5 Vurdering av periodisk og ad hoc rapportering

Kontrollkomiteen skal:

- gjennomgå årsrekneskapen og årsmelding med fokus på:
 - endringar i rekneskapsprinsipp og rekneskapspraksis
 - vesentlege vurderingsposter
 - vesentlege justeringar som følgje av krav og tilråding frå ekstern revisor
 - forhold der revisor er ueinig med administrasjonen eller det er påpeikt stor uvisse eller andre punkt revisor ønskjer å diskutere
- gjennomgå tilsynsrapportar og rapportar frå Riksrevisjonen, og vurdere dei tiltaka som er tilrådde
- gjennomgå oversyn over og utviklinga i kvalitets- og effektivitetsindikatorar
- gjennomgå risikovurderingar og vurdere dei tilrådde tiltaka
- gjennomgå oversikter over klage- og erstatningssaker

4.6 Handsaming av avvik og klager

Kontrollkomiteen skal følgja opp at helseføretaka har rutinar som sikrar at klager og tips knytt til brot på lover og reglar, regnskapen, internkontroll og revisjon, vert forsvarleg handsama

Kontrollkomiteen skal orienterast om rapportar frå juridisk avdeling i denne samanheng

4.7 Andre oppgåver

Kontrollkomiteen skal:

- haldast oppdatert om vesentlege endringar i internkontroll og risikostyring i føretaksgruppa
- vurdere forhold / saker som styret vedtek eller som komiteen sjølv eller revisorane ønskjer å ta opp
- minst ein gang i året vurdere sitt eige arbeid og foreslå eventuelle forbetringstiltak

5. RAPPORTERING TIL STYRET

Kontrollkomiteen rapporterer munnleg til styret på første styremøte etter kvart møte i komiteen.

Etter pålegg frå styret, og når kontrollkomiteen vurderer det som naudsynt, skal einskildsaker rapporterast skriftleg til styret.

Referat frå møta i kontrollkomiteen skal leggjast fram for medlemmene i styret.

Kontrollkomiteen skal årleg utarbeida ein rapport om arbeidet sitt til styret.

6. MØTER

Kontrollkomiteen møter så ofte den finn det nødvendig, men minst fire gonger årleg. Komiteen utarbeider ein årlig møte- og aktivitetsplan som skal leggjast fram for styret.

Ordinær behandling i kontrollkomiteen skal skje i møter. Sakene skal handsamast av ein samla komité og det må vera minst to medlemmer tilstades for at møte skal vera lovleg sett.

Kontrollkomiteen bestemmer sjølv si møteform.

Innkalling til møta skal skje skriftleg og dei sakene som skal handsamast skal gå fram av innkallinga . I spesielle tilfelle kan leiar av kontrollkomiteen avgjera at innkalling kan skje munnleg.

Styremedlemmer og administrerande direktør eller den han utpeikar i Helse Vest RHF, har møte og talerett i kontrollkomiteen .

Internrevisjonssjef deltar på møta og er sekretær for komiteen.

Ekstern revisor kan delta på møter i kontrollkomiteen.

Styreleiarar og administrerande direktørar i helseføretaka har møte- og talerett i kontrollkomiteen når saker under deira ansvarsområde blir handsama.

7. INFORMASJON

Verksemda i Helse Vest er omfatta av offentlegheitslova. Informasjon i saksdokument skal nyttast slik at den ikkje er til skade for arbeidet i komiteen og i styret.

Det skal gå fram av sakspapira dersom informasjon skal handsamast konfidensielt med heimel i lov, og det inneber også at medlemmene i komiteen har teieplikt om desse sakene.